

Grunna

Av **Terje Torkildsen**. Henta frå samlinga *Monsterboka*.



Samandrag av forteljinga

I forteljinga er det to hovudpersonar, Jostein og Benjamin. Jostein vil prøve å symje over fjorden, og vil ha med Benjamin i ein følgjebåt. Benjamin går motvillig med på det, og halvvegs over fjorden skjer det han fryktar mest, at Jostein blir sliten. Plutselig kjenner Jostein fast grunn under føtene, og jublar over denne uventa grunna midtfjords. Det er då Benjamin ser at vatnet kvervlar rundt vennen, før grunna gir etter og tek Jostein med seg ned i djupet. Etter ei lang og frykteleg stund dukkar han endeleg opp att, bukselaus og vitskremd. Kva var denne grunna, og kvifor tok ho badebuksa til Jostein?


Spørsmål som utgangspunkt for ein samtale om teksten «Grunna»

- I forteljinga pressar Jostein Benjamin til å bli med på vågestykket. Korleis trur du Benjamin kjende det, og kvifor let han seg utfordre, trur du?
- Kva trur du dei to sa til kvarandre etter at dei var komne i land igjen?

Skriveramme: Å lage ei spenningsbok i miniformat

Mange spenningsbøker er lange, men det er fullt mogleg å skrive meir kompakte og spennande forteljingar.

Denne skriveramma er forma som ei lita bok, ei brettebok med 7–14 setningar. Her gjeld det å skrive kvar setning slik at all naudsynt informasjon kjem med, medan det som er uvesentleg vert utelate.



Olav H. Hauge-senteret



Nynorsk kultursentrum



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



Hjelp til å kome i gang med skivinga:

- **Kven** skal vere hovudperson? Deg sjølv? Ein drake? Eit dyr?
- **Kvar** går det føre seg? I ei hole? På månen? I eit klesskap? På skulen?
- **Når** går det føre seg? I framtida? No? For hundre år sidan?
- **Kva** hender? Ein kamp? Ei reise? Eit møte med nokon eller noko?

Elevane skriv først ei kort historie på 7–14 setningar i ei skrivebok eller på eit kladdark. Bruk igangsetjarane ovanfor, eller bruk lappesystem der ein trekkjer stad, person eller tid, for å få ei ramme på skivinga utan å måtte kome på heile handlinga sjølv.

Ei brettebok er laga på eitt A4-ark som er bretta til ei lita bok. Du treng ei saks.

Bretteinstruksar:

<https://nynorsksenteret.no/uploads/documents/Instruksar.pdf>

- Ta eit blankt ark og brett etter malen. Klipp etter bretten slik som malen viser.
- Framsida skal innehalde tittel på boka, namnet på forfattaren og gjerne ei lita teikning.
- Skriv historia inn i bretteboka, og fordel teksten slik at det er maksimalt to setningar på kvar side.
- Illustrer boka om du vil og har plass.

Lag gjerne ei brettebokutstilling!

Fleire brettebøker finn du på Nynorsksenteret.no:

<https://nynorsksenteret.no/brettebok>

